

Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.02.2019

Gunnar Bakke (FRP) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Sunnhordland museum. May Eva Sandvik (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er varamedlem i styret til Sunnhordland museum.

Bakke og Sandvik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at Bakke var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd bokstav e.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at Sandvik var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd og 2. ledd.

Bakke og Sandvik gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 11 representantar tilstades.

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at forslag til nye vedtekter for Sunnhordland museum er i tråd med regional museumspolitikk.
2. Hordaland fylkeskommune tek saka til vitande.